



Naturvernforbundet

Nordhordland

Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

26. september 2023

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Innspel til Eide Fjordbruk sine søknader om utviding ved Ospeneset og Langøy

Eide Fjordbruk AS søker om utviding av allereie eksisterande lokalitet for oppdrett av laks og aure på **Ospeneset** i Alver kommune.

Den omsøkte lokalitetsutvidinga ligg innanfor areal regulert for akvakulturføremål i kommuneplan for Alver.

Det vert ikkje søkt om endring i eksisterande anleggskonfigurasjon i forhold til arealbruk og plassering av anlegg. Omsøkt utviding skal skje i lukka merdsystem og med oppsamling av slam.

Det vert søkt om auke opp til 6720 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) på lokalitetsnivå.

Eide Fjordbruk AS søker også om utviding av allereie eksisterande lokalitet for oppdrett av laks og aure ved **Langøy** i Alver kommune.

Lokalitetsutvidinga ligg innanfor areal regulert for akvakulturføremål i kommuneplan for Alver.

Det vert ikkje søkt om endring i eksisterande anleggskonfigurasjon i forhold til arealbruk og plassering av anlegg. Omsøkt utviding skal skje i lukka merdsystem og med oppsamling av slam.

Det vert søkt om auke opp til 8280 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) på lokalitetsnivå.

Lokalitetane ligg i det same fjordsystemet i grensesnittet mellom Fensfjorden og Austfjorden med om lag 7 km avstand. Begge anlegga hadde våren 2023 høge registreringar av lakselus. Ospeneset har vore i vernesone for ILA fram til i haust.

Kommunane i Nordhordland har under utarbeiding Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland. Framdrifta er slik at planen skal opp til endeleg handsaming i kommunestyra hausten 2023,

Prinsipielt meiner Naturvernforbundet det er feil å gje løyve til utvidingar før den interkommunale planen er endeleg vedteken, ikkje minst fordi planen legg opp til heilskaplege vurderingar av konsekvensane for landskap, naturmangfald, friluftsliv, konkurrerende sjønæringar og samla belastning.

Naturvernforbundet vil difor be om saka vert send på ny høyring når Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland er godkjend i kommunestyra.

Søknaden gjeld utviding med to lukka anlegg på 3600 MTB kvar. Naturvernforbundet ønskjer slike anlegg velkomen, men vil understreka at teknologien er ny og relativt uprøvd. I kunngjeringsbrevet frå Vestland fylkeskommune saknar vi ei nærare beskriving av anlegget og drifta.

Samstundes har Fensfjorden og Austfjorden som regionen elles hatt store problem med lakselus i anlegga sine. På grunn av det har regjeringa bestemt at volumet av laksefisk i produksjonsområdet skal ned med 6 %.

Vi meiner difor det beste vil vera å erstatta dei tradisjonelle opne anlegga på Ospeneset (3120 MTB) og Langøy (4680 MTB) med dei lukka anlegga på 3600 MTB kvar.

Jan Nordø
leiar

